

Undersøking av rettepraksisen i skolen, i avisene og i forlaga

Åse Wetås

1. Innleiing

Denne delrapporten framstår (på same måte som delrapporten om korleis ulike brukargrupper opplever normsituasjonen i nynorsk) som ein presentasjon av studiar som alt finst på området. I tillegg til dette inneheld rapporten ein presentasjon av korrekturprinsipp og -praksis i ulike lokal- og regionsaviser rundt om i landet. Dette er den av dei fire rapportane som er minst i omfang, og det er også den det har vore vanskelegast å finna relevant materiale til.

Fordi eg har arbeidd under stort tidspress, har eg ikkje hatt høve til å driva egne undersøkingar av rettepraksisen ute i skolen. Store delar av engasjementsperioden min var i skolen sin sommarferie. Difor var det heller ikkje mogleg for meg å få tak i materiale med autentiske lærarrettingar. Det ville dessutan vore så tidkrevjande å gå gjennom eit representativt materiale med slike rettingar, at det ville vore naudsynt med mykje meir tid enn den månaden eg totalt har hatt til disposisjon til å gjera kartlegginga og skriva denne rapporten.

Eg hadde tankar om å distribuera ein autentisk elevtekst til eit utval lærarar, og be dei om å retta denne teksten etter same framgangsmåten som dei elles bruker når dei rettar elevtekstar. Etter å ha vurdert nærare og diskutert saka med nokre norsklærarar, kom eg fram til at ein slik måte å henta inn informasjon om rettepraksis på, vil innebera såpass mange feilkjelder at eg fann det vanskeleg å gjennomføra han. Mellom anna vil det vera vanskeleg å få lærarane til å utøva same rettepraksisen i ein slik konstruert samanheng som i den normale rette-samanhengen. For å få målt lærarar sin rettepraksis, trur eg det er mykje meir føremålstenleg å gå gjennom større mengder med autentisk retta materiale, dersom ein kan få tilgang til det.

Den som elles har drive med nettopp denne typen systematisk kartlegging av rettepraksis hos lærarar som underviser i nynorsk som hovudmål, er Dagfinn Rødningen. Han har eit stort forskingsmateriale med delstudiar både av elevhaldningar og lærarhaldningar. Dette har han presentert smakebitar frå i Rødningen 1999 og Rødningen 2000. Materialet til Rødningen vil nok kunna vera av interesse i det vidare granskingsarbeidet¹.

Rapporten om rettepraksis på ulike nivå er disponert som dei andre rapportane. I egne egne delkapittel tek eg for meg dei ulike hovudarenaene for korrekturverksemd; skolen, avisene og forlagsbransjen.

2. Rettepraksis i skolen

Føresetnaden for at elevane skal kunna få rettleiing i val av former innanfor den vide rettskrivinga, og for at dei ikkje skal korrigerast når dei bruker sideformer, er at lærarane sjølv har god nok kunnskap om norma. Dette viser undersøkingar som er gjort på området at det nok manglar ein god del på (jf t.d. Holm 1999, Omdal 1999).

Lærarrettleiingane som er laga til hjelp i evalueringa av norsk skriftleg, tek utgangspunkt i at lærarane kjenner til normpluralismen, og at dei gjev elevane sine rettleiing i bruk av hovud- og sideformer. I heftet "Vurderingsveiledning i norsk skriftlig" frå Eksamenssekretariatet (1998) heiter det i i punkt 1 om formalspråklege vurderingskriterium at lærarar og sensorar kan stilla klåre krav til dugleik i offisiell rettskriving, m.a. fordi elevane får nytta ordbok til eksamen. Vidare heiter det at

¹ Eg har vore i telefonkontakt med Dagfinn Rødningen. Fordi han nettopp hadde flytta, var sjølvve materialsamlinga hans nedpakka og vekkstuva, og difor ikkje tilgjengeleg på dette tidspunktet.

på den andre siden kan en elev fritt velge mellom alle offisielle varianter av skriftlige normer, og en sensor plikter selvsagt å kjenne de valgfrie variantene. Like selvsagt må sensor ikke la sine private rettskrivningspreferanser ha innvirkning ved bedømmingen av en eksamensbesvarelse (s. 12).

Samstundes får sensorane og lærarane instruks om å ta lettare m.a. på feiltypar som skriv seg frå talemålsinterferens (eks. **reagerar*) eller skriftspråksinterferens, enn på t.d. grovare systemfeil i tekstane.

I heftet “Veiledning i vurdering i norsk” (1999), utgitt av Læringscenteret, blir det presisert at føremålet med vurderinga er at ho skal fremja læring og utvikling. Elevane skal altså gjennom vurderinga rettleiast i det aktuelle faget. Når det gjeld norsk skriftleg, heiter det i informasjonen frå Læringscenteret at eleven skal “ha personlig og nyansert språk” og “vise god språkføring og formell dyktighet både i bokmål og nynorsk” (1999: 8). Samstundes heiter det om evalueringa at lærarane ikkje skal la formelle feil i elevtekstane få for mykje å seia for heilskapsvurderinga (jf s. 10).

I rettleiingsheftet frå Læringscenteret (1999) er det også lagt ved mønstereksempel på vurdering av elevsvar frå 10. klasse i grunnskolen. Litt sørgjeleg er det sjølv sagt å oppdaga at substantivfrasen “*ei tåra*” er karakterisert som ein skrivefeil som “truleg [skriv seg] frå dialektpåverknad” i mønstervurderinga av ein sidemålsstil på nynorsk. I ubunden form eintal av svake hokjønnsstamord har [-a] har vore sideform i nynorsk sidan 1983. Dette eksempelet er med på å illustrera at det mellom dei som skal stå for implementeringa av former, skortar på kunnskap om sentrale kategoriar innanfor rettskrivinga.

I sensorrettleiingane blir det elles vist til den generelle rettleiinga språkrådet gjev om at systemfeil bør telja meir enn “slengjarar” i vurderinga av formell skrivefugeleik, og at sensorane skal bygga vurderinga på

kunnskap om dei språklege og morsmålsdidaktiske tilhøva som gjer at spesielle talemålsavvik oppstår. Det er lang tradisjon i norsk skole for å vurdere rettskrivingsavvik i høve til det talemålet elevane har (Sensorrettleiing 2001: 8).

Ein slik instruks inneber at læraren og sensoren ikkje berre skal kunna handtera eit sett med former som han heller ho sjølv bruker i skriftlege arbeid. Læraren og sensoren skal kjenna til heile rettskrivinga, og kunna jamføra formene innanfor rettskrivinga med talemålsformer i dei ulike norske dialektane.

I rettleiingane står det ikkje nokon stad eksplisitt at lærarane gjennom rettepraksisen sin skal leggja til rette for bruk av former som t.d. ligg nært talemålet til eleven. Likevel ser dette ut til å vera ein underliggjande premis for rettleiingane og sensorinstruksane i norskfaget. Sissel Schønning hevdar i *Norsklæraren* at det ingen stad i læreplanane er uttrykt som målsetjing at lærarane skal leggja til rette for at elevane utviklar eit personleg skriftspråk (jf Schønning 1999). Slik det ser ut i rettleiingane frå Eksamenssekretariatet og Læringscenteret, er det ein heilt tydeleg underliggjande føresetnad at elevane skal få rettleiing i val av former innanfor rettskrivinga, og at rettleiinga er meint å ta utgangspunkt i at brukarane får tilgang til rettskrivingsformer som ligg nært talespråket deira.

Sjølv om det finst slike rettleiingar for evaluering av skriftlege innleveringsarbeid i norsk, viser studiar på området at det kunne trengast klårare retningsliner på området. I studien til Marit H. Rustad av rettepraksisen i den vidaregåande skolen (Rustad 1992), kjem det fram at praksisen rundt om på skolane er varierende. Svara ho får i ein enquete der ho undersøker normoppfattinga til hovudlærarane i norsk ved 85 ulike vidaregåande skolar, gjer at Rustad etterlyser klårare retningsliner for rettepraksisen i norskfaget.

I delrapporten om korleis brukarane opplever normsituasjonen er det nemnt undersøkingar som viser at lærarstudentar og andre studentgrupper har lite kunnskap om normvariasjonen i både nynorsk og bokmål (sjå t.d. Kulbradstad 1999, Omdal 1999). I ein artikkel om den norskfaglege kompetansen til grunnskolelærarar og lærarstudentar er også Geirr Wiggen inne på dette tilhøvet (jf Wiggen 1987). Han meiner at det er ein viss fare for at manglande kunnskap om morfologi blant lærarstudentane vil kunna føra til at

de etter måten mange lærarstudentene som er usikre i norsk rettskriving, lett kunne utvikle en for autoritær praksis i rettskrivingsundervisninga og i rettepraksisen, ved å tillate og lære bort bare det de sjøl er sikre på (s. 164).

Wiggen meiner at den positive haldninga det er til dialektmangfald og dialektbruk i skolen likevel vil sikra at dei ferdig utdanna lærarane strekkjer seg langt i bruken av ordlister og ordbøker, for å bøta på det som manglar når dei er ferdigutdanna frå lærarinstitusjonane. Sjølv om denne tanken er god, viser altså undersøkingar på området at svært mange norsklærarar ikkje gjer dette. Empiriske studiar av normvariasjon og lærarretteleiing stadfestar tvert om at mange lærarar manglar kunnskap om norma, og at dei ofte tek i bruk og vidareformidlar eit mykje smalare sett med former enn det som finst i rettskrivinga (jf t.d. Djupedokken 1983, Holm 1999).

Helge Omdal har i fleire undersøkingar sett nærare på tilhøvet mellom språknormene og brukarane. I Omdal 1999 lanserer han ein hypotese om at det er ein samheng mellom rettepraksisen blant norsklærarar og språknormsikkerheita hos personar som har avslutta skolegangen sin. Funna hans av svært store hol i kunnskapane norsklærarar har om sentrale kategoriar i både bokmåls- og nynorskrettskrivinga, støyr opp om denne hypotesen. Det er vel vanskeleg å tenkja seg at lærarane skulle kunna formidla ein normpluralisme dei sjølv openbert ikkje kjenner til. I ein artikkel i *Norsklæraren* (Omdal 2000) kommenterer han også faren for at lærarar slår ned med raudpennen på sideformer i elevtekstar, fordi dei sjølv rett og slett ikkje kjenner godt nok til rettskrivinga:

Dersom den oppvakte eleven har funnet ut at han eller ho i skriftlige arbeid i skolen kan skrive *å kaste* og *å væra* på bokmål, eller *festlig* på nynorsk, er det likevel en viss risiko for at læreren antar at det er feil, og retter *væra* til *være*, og *festlig* til *festleg* (Omdal 2000: 39).

Helge Omdal meiner elevane tilpassar språkbruken sin til dei relativt snevrare normene lærarane formidlar, og at dei dermed ikkje får nytta den valfridommen som ligg i rettskrivinga. Som støtte for dette, viser han til eit innlegg av Kari H. Størdal i *Språkleg samling*. Ho hevdar ut frå eiga erfaring med barn i skolen at “den som held seg med sideformer, tar ein farleg sjanse til eksamen” (Størdal 1994). Ho har altså opplevd at lærarane som har stått for tekstrettinga, ikkje kjenner til sideformene i rettskrivinga.

Dokumentasjon på at mange lærarar har dårleg kjennskap til normpluralismen finn Omdal ved å gjera ei empirisk undersøking av kunnskapen innanfor eit par sentrale systemkategoriar i bokmål og nynorsk. Undersøkinga viser at kvar fjerde norsklærarar i utvalet ikkje kjenner til valfri ending *-a* ved sida av *-ene* i bf.pl. av nøytrumssubstantiv i bokmål, og at berre ein av tre lærarar veit at *[-er]* er sideform i presens av sterke verb i nynorsk (jf Omdal 2000). Med utgangspunkt i slike resultat er det grunn til å frykta at det i rettinga av elevtekstar i stor stil blir slege ned på bruken av både desse og andre sideformer og jamstelte former.

Resultata frå studiar som undersøker kunnskapen lærarstudentar har om rettskrivingsarkitekturen, viser at det jamt over står dårleg til på dette området (jf t.d. Jansson 1998). Tove Bull hevdar ut frå eiga erfaring som norsklærar i lærarutdanninga at det nok er mange lærarar i grunnskolen som ikkje ein gong kjenner til sjølve rettskrivingsarkitekturen og systemet med hovudformer og sideformer (sjå Bull 1987). Dermed er det vanskeleg å forventa at dei i lærargjeringa skal kunna utøva ein rettepraksis som legg til rette for at kvar enkelt elev skal kunna ta i bruk dei delane av rettskrivinga som høver best i forhold til t.d. dialekten eleven har.

Undersøkinga til Svein Erik Djupedokken av stilretting og lærarhaldningar til rettskrivinga i den vidaregåande skolen (Djupedokken 1983), gjeld nynorsk som sidemål. Han undersøker i kva grad rettskrivinga som blir formidla til elevane, korresponderer med talemålet deira, og han undersøker dessutan om lærarane i nokon grad utviklar “private” og smalare normer i formidlinga og evalueringa. For å fanga opp ein eventuell diskrepans mellom strategi og praksis i rettinga lærarane utøver, spør han også den einskilde læraren om korleis ho eller han vurderer eiga korrigerings av elevtekstar.

Djupedokken kjem til at sjølv om lærarane i eigenrapporteringsdelen oppgjev at dei forsøker å styra formvalet i retning bokmålsnære former, i retning av talemålet til eleven, eller i retning læreboknormalen, kjem desse strategiane ikkje til uttrykk i praksis. I staden er den nokså nedslåande tendensen at

alle informantane har avvist oppslagsord eller offisielt godkjente skrivemåtar av ord, og den gjennomgåande tendensen her er at dei rettar til ord og skrivemåtar av ord som berre blir brukt i nynorsk, eller som blir mest brukt i nynorsk (1983: 207).

Djupedokken konkluderer med at dei fleste normbrota han registrerer truleg er medvitne, og at lærarane med ein slik rettepraksis ikkje tillet elevane å bruka formene som finst innanfor rettskrivinga fritt. Han presiserer likevel at graden av styring vekk frå fellesformer og over til sær-nynorske ord og former varierer frå lærar til lærar, og at ein del av korrigeringa av former som faktisk er innanfor norma, skriv seg frå rein vankunne. I følgje resultatane til Djupedokken er problemet altså todelt: ein del lærarar omset eigen språkideologi til praksis gjennom å formidla ei snever norm, medan andre formidlar ei snever norm fordi dei sjølv ikkje kjenner til og kan hanskast med den vidare rettskrivinga.

Liknande resultat kjem Anne Brit Holm til i si undersøking av lærarhaldningar til nynorsk som sidemål i Larvik-skolen (Holm 1999). Studien hennar viser at lærarane har store manglar i basiskunnskapen sin om nynorsk språk, og dei formidlar ei negativ haldning til normvariasjon til elevane sine både gjennom klasserompraksisen og gjennom rettinga av skriftlege innleveringsarbeid.

Dagfinn Rødningen har gjort ei større undersøking av rettepraksisen til grunnskolelærarar i Ottadalen. Nokre av hovudresultata blir presenterte i Rødningen 1999. Her har han 90 lærarar i utvalet sitt, og ein svarprosent på 65. Hovudresultata til Rødningen viser at alle lærarane rapporterer å bruka talespråket til elevane som basis for den grunnleggjande skriveopplæringa, og dei meiner sjølv dei viser høg toleranse for normstridige innslag i elevtekstar på dei lågaste klassetrinna.

Når Rødningen (1999) ser nærare på praksisen på høgare klassetrinn, viser det seg at det er skilje mellom lærarane i Vågå, Skjåk og Lom med omsyn til korleis dei tilrår bruken av rettskrivinga. Ni av 10 Vågå-lærarar tilrår bruk av sideformer i ungdomsskolen, dersom desse formene ligg nærast talemålet til elevane. Berre to av Skjåk-lærarane og ingen av Lom-lærarane ville gjera det same. I tilfelle der elevane er i tvil om skrivemåten av eit ord, ville åtte av Vågå-lærarane i utvalet rådd elevane til å leggja talemålet til grunn for skrivemåten av ordet, medan ingen av lærarane frå Lom, og berre to av lærarane frå Skjåk ville tilrådd dette. Rødningen har i tillegg undersøkt toleransen for normstridige dialektinnslag i elevtekstar på ungdomstrinnet, og kjem til at Vågå-lærarane også på dette punktet viser høgare toleranse enn lærarane frå Lom og Skjåk. Dette gjer at ein må konkludera med at toleransen for dialektinterferens er ulik, men endå viktigare i denne samanhengen er nok Rødningen sitt funn av at “det same gjeld haldninga til å utnytte den formelle valfridommen som finst gjennom sideformene” (1999: 253).

Rødningen viser vidare til at lærarane som er med i undersøkinga, rapporterer at dei oppfattar rettskrivingsproblema til elevane som eit resultat av normsituasjonen. Dei opplever at elevane ser på grensa mellom kva som er tillate og kva som er i strid med norma, som uklår.

I undersøkinga til Celia M. Berg av korleis elevar i den vidaregåande skolen oppfattar og nyttar valfridommen innanfor rettskrivinga (Berg 1999), kjem det fram at elevar med nynorsk som hovudmål opplever å bli straffa karaktermessig når dei vel radikale former frå nynorskrettskrivinga. Dette tyder på at det finst lærarar som har lagt ei trongare norm enn den offisielle rettskrivinga til grunn for rettepraksisen sin.

Jan E. Byberg er også inne på at ein god del lærarar nok manglar den kompetansen dei burde hatt om normpluralismen (Byberg 1995). Han meiner at “det er svært mange lærarar som er ustøe i nynorsknormene, av same grunn som elevane” (1995: 39). Som me såg i rapporten om brukarhaldningar til normpluralismen, blir dette også stadfesta av andre debattantar med tilknytning til skoleverket.

3. Rettepraksis i aviser

På dette punktet eksisterer det, så vidt eg veit, ingen større empiriske undersøkingar. Dei studiane som finst på området presse og rettskriving, ser stort sett på i kva grad normpluralismen faktisk kjem til uttrykk på prent (jf t.d. Vinde 2000). Dermed må me i stor grad basera oss på to kjelder til kunnskap om rettepraksisen:

- a) eigenrapportering frå medieføretaka

b) gjennomgang av tekstar frå ulike aviser

Eigenrapporteringa har eg forsøkt å få gjennom å senda ut brev til redaktørane i eit utval på 17 lokal- og regionsaviser². I brevet bad eg dei svara på spørsmål om eigen rettepraksis og kva for eventuelle private retningslinjer for formbruk dei heldt seg med. Berre til saman seks av avisene svarte på denne oppmodinga. Ved å ekserpera og systematisera former frå dei same avisene, har eg fått eit visst oversyn over korleis tekstrettinga ser ut til å fungera i praksis (jf rapporten om normvariasjon i publisert nynorsk og underlagsmaterialet).

Vaktsjef Kjell O. Nordeide i avisa *Firda* opplyser i brev av 17.9.01 at *Firda* som hovudregel nyttar hovudformene i den gjeldande nynorskrettskrivinga. Dei har utarbeidd eigne retningslinjer til bruk i redaksjonen, og som hovudprinsipp for språkpraksisen i avisa gjeld det at “der tillatne sideformer er sams i nynorsk og bokmål, nyttar vi den sams forma, i alle fall der det samsvarer med talemålet i Sunnfjord.” Medarbeidarane i redaksjonen nyttar automatiske retteprogram, og i tillegg korrigerer vaktsjef eller redigerar, dersom det skulle vera noko retteprogramma ikkje får med.

Nordeide har dessutan lagt ved brosjyren “Firdaspråket”, som presenterer språkreglane som gjeld i avisa. Her blir det presisert at *Firda* nyttar hovudformer, slik dei framstår i den til ei kvar tid nyaste utgåva av Alf Helleviks ordliste (for tida Hellevik 1996). I tillegg praktiserer dei nokre unntak frå denne hovudregelen. Dei tillet bruken av former både med *y* og *ø*, der den eine er hovudform og den andre er sideform (tilfella [*løfte*] og [*lyfte*], [*søster*] og [*syster*], [*søsken*] og [*sysken*]). I tillegg tillet avisa både [*eigde-eigd*] og [*åtte-ått*] av verbet *eiga*. Medarbeidarane i avisa skal elles nytta *e*-infinitivar og *vi* som personleg pronomen 1. pers.pl.

Som hovudregel i valet mellom jamstelte hovudformer, skal dei formene brukast som ligg nærast talemålet i Sunnfjord. Elles er praksisen at journalistane skal velja den jamstelte forma som er “mest moderne/bokmålsnær”.

Avisa *Jærbladet* opplyser i svarbrevet sitt 30.7.01 at dei både har redaksjonelt materiale på nynorsk og bokmål. Tekstane som blir produserte på nynorsk, blir retta opp mot *Nynorskordboka*. Langt på veg let avisa journalistane få nytta dei formene dei sjølv ønskjer. Men redaktør Kjell Olav Stangeland peikar på at

det blir likevel oppfordra til å nytta former som ikkje skil seg for mykje frå talemålet i vårt nedslagsfelt, kommunane Klepp, Time og Hå.

Jærbladet går dessutan lenger enn ein del av dei andre avisene i å godta former som ligg utanfor gjeldande rettskriving på dei områda der redaksjonen opplever at rettskrivingsreglane ligg fjernt frå det lokale talemålet³. Dette viser Boye Wangensteen også at er praksisen i ein del andre aviser (jf Wangensteen 1998).

Jærbladet er den einaste av avisene med to redaksjonelle målformer som ikkje oppgjev at dei har tilsvarende retningslinjer for tekstproduksjonen på bokmål, som dei avisa har for nynorskproduksjonen. Her opplyser redaktøren om at “i motsetning til i nynorsk, er det svært sjeldan særleg avvik”.

Adresseavisa melder at dei rettar redaksjonelt materiale opp mot læreboknormalen og det dei karakteriserer som eit “moderat nynorsk” (brev frå sjefredaktør Gunnar Flikke 03.8.01). Korrektulesinga på desken ser det ikkje ut til at avisa har spesielle retningslinjer for. Ho ser snarare ut til å vera avhengig av kva medarbeidar som frå dag til dag står for den eventuelle omarbeidinga av tekstane. Avisen har eigne retningslinjer for bokmålsbruk, og dei er lagde ved svarbrevet. Av desse retningslinjene går det fram at avisa forsøker å nytta eit relativt konservativt bokmål, der dei t.d. unngår å nytta *a*-endingar i bunden form sg. av hokjønnsstativ.

Bergens Tidende, ved redaktør Arne Edvardsen, melder tilbake at den redaksjonelle nynorsken “ligger [...] tettere opp mot den gjeldende nynorskrettskrivingen enn den gjeldende læreboknormal” (e-postbrev 15.8.01). Avisen ønskjer at nynorsken skal liggja opp mot det dei sjølv karakteriserer som “Vestlands-nynorsk”, og dei forsøker ut frå same grunntanken å velja dei bokmålsformene som ligg nærast Bergens-talemålet i tekstproduksjonen på bokmål.

² I utvalet av aviser har eg forsøkt å få med lokal- og regionsaviser frå så store delar av landet som mogleg.

³ Undersøkinga mi av eit utval artiklar frå *Jærbladet* viser at praksisen nok ikkje heilt i tråd med intensjonane for norma. Mellom anna inneheld fleire av artiklane pronomenforma *vi*, og ein av artiklane nyttar dessutan *e*-infinitivar. Dette er ikkje formval som speglar jærdialekten særleg godt.

Redigerarane og korrekturlesarane deira går systematisk gjennom stoffet som skal på prent, og i tillegg er dei i ferd med å installera korrekturprogrammet Tansa i eigen nynorskversjon.

Arbeidet mitt med kartlegginga av formbruken i ulike typar sakprosamateriale omfatta også eit stort søk i nynorsk materiale frå *Bergens Tidende* (jf rapport om normbruken i ulike typar publisert nynorsk). Søkerapporten frå dette søket kan ikkje stadfesta at formvala til avisa i praksis held seg til den vidare nynorsknorma. Tvert om viser formvala i BT seg nokså konsekvent å liggja innanfor læreboknormalen.

Avisa *Valdres* legg i språkreglane sine vekt på at nynorskbruken deira skal vera “moderne og lett tilpassa valdresmålet”. Samstundes har dei valt læreboknormalen som rettesnor for nynorskmalen i avisa. I språkmalen til *Valdres* frå 1997 opererer avisa med “må-former”, “bør-former”, “forbodsformer” og “frivillige unntaksformer”. Mellom må-formene er hovudformene *no* og *berre*. I tillegg er dei jamstelte formene *då*, *mykje*, *difor*, *fyrst* og *skule* på denne lista, saman med verbbøyinga *å bli-blir-vart-vorte*⁴. Bør-former er kløyvd infinitiv, samsvarsbøying og bruk av *j* i infinitiv og presens av verb som *liggje*, *byggje* osv. Dei har også eksplisitt forbod mot formene *me* og *Noreg* på redaksjonell plass.

I tillegg inneheld språkmalen til *Valdres* ei liste over ord og former som ikkje står i ordlistene, men som avisa likevel har valt å nytta. For nynorsk er det sett opp følgjande liste: *andel*, *døler*, *forening*, *marken*, *Norge*, *opprinneleg*, *rumme* (om *rømme*), *stogo*, *stupul*, *uansett*, *rakfisk* og *saxofon*. Avisa *Valdres* har også retningsliner for kva former som skal brukast på bokmål, og dei har som målsetjing at bokmålet skal “vera lett tilpassa ’folkeleg austnorsk talemål’ med læreboknormalen som rettesnor.”

I e-postbrev frå redaktør Sigmund Midttun i avisa *Hordaland* (23.7.01) blir det opplyst om at

avisa *Hordaland* ligg relativt tett opp mot gjeldande nynorskrettskriving, men formene skal liggja opp mot vår lokale dialekt, vossamaolet.

Medarbeidarane i avisa skal nytta *me* som personleg pronomen 1. pers.pl., og i tillegg skal dei forsøka å gjennomføra eit system med *a*-infinitivar⁵. Redaksjonen i *Hordaland* har dessutan lista “Slik skriv me i *Hordaland*” å halda seg til. Denne lista er under omarbeiding, og redaktøren la ho difor ikkje ved svarbrevet. Redaktør Midttun opplyser elles om at det er den einskilde medarbeidaren som har hovudansvaret for at tekstproduksjonen held seg innanfor den norma avisa ønskjer å følgja.

Av dei refererte lokale språkreglane i redaksjonane som har svart på spørsmåla om språkmal og korrekturpraksis, kjem det fram at avisene, med unntak av *Adresseavisa*, legg vekt på at formene dei nyttar, skal vera mest mogleg i samsvar med talemålet i nedslagsfeltet til avisa. Likevel held dei seg som hovudregel til læreboknormalen, altså hovudformene i rettskrivinga. Lengst ser *Jærbladet* ut til å gå i tilpassing av skriftspråket til lokal dialekt, i og med at dei opnar for skriftformer som ligg utanfor rettskrivinga, i dei tilfella der norma berre omfattar former som ligg fjernt frå formene i det lokale talemålet.

Korrekturpraksisen ser ut til å vera ganske varierende. Nokre aviser har eigne korrekturlesarar og automatiske ordrettingsprogram. Andre aviser let det vera opp til dei som har vakt på desken, å retta opp artiklane. I tillegg ser me altså at nokre har ein spesifisert språkmal (som *Firda* og *Valdres*), medan andre redaksjonar berre har generelle retningsliner om at formvalet i størst mogleg grad skal reflektera det lokale talemålet, eller vera i tråd med læreboknormalen.

Som svaret frå *Jærbladet* på spørsmålet om avisa har retningsliner for val av former innanfor bokmålsrettskrivinga illustrerer, blir nok bokmålet og bokmålsbruken oppfatta som mykje meir einsarta, og utan rom for formval som kan tilpassast det lokale talemålet. Det er elles påfallande at ei avis som tillet bruken av former som ligg utanfor rettskrivinga i nynorsken – nettopp for å kunna gjenspegla det lokale talemålet best mogleg i tekstproduksjonen – ikkje har nokon medviten strategi for å tilpassa bokmålet på same måten.

⁴ Undersøkinga mi av kva former avisa tek i bruk, viser at verbbøyinga *bli-blir-vart-vorte* ikkje er gjennomført i praksis.

⁵ Delstudien eg har gjort av språket i eit utval artiklar frå avisa *Hordaland* viser at tekstane berre inneheld pronomenforma *me*, og at det stort sett berre finst *a*-infinitivar i materialet. Elles ser formbruken i avisa stort sett ut til å vera innanfor læreboknormalen.

Spørsmålet er også i kva grad språkmalane og korrekturreglane ser ut til å bli følgte opp i praksis. Trine Schmidt i avisa *Valdres* peikar i e-postbrev på at dei i sommarmånadene har mange ekstrahjelpar, og at tekstproduksjonen då truleg ikkje er særleg representativ for språkbruken i avisa. Dette svaret tyder på at språkvasken og korrekturlesinga ikkje er særleg systematisk.

I meir uformelle samanhengar har eg spurt journalistar og deskmedarbeidarar kva retningslinjer dei arbeider ut frå i korrektursamheng. Her ser det ut til at det er store variasjonar, og undersøkingane mine av denne typen sakprosa tekst viser at det er mange tilfelle av inkonsekvensar (t.d. vakling mellom *a-* og *e-*infinitivar, mellom pronomenformene *me* og *vi* osv.) som kjem på prent. Rettskriving og formval ser uansett ut til å stå eit godt stykke ned på prioriteringslista når det nærmar seg tidsfristane for levering til typografar og trykkeri.

4. Rettepraksis i forlagsverksemd

På dette området kjenner eg ikkje til at det er gjort eigne undersøkingar som gjeld forlaga si normering av tekstar på nynorsk. Her har eg difor lite materiale å visa til. Det som likevel finst, er hovudoppgåva til Atle Mosling om språknormeringa i sakprosa på bokmål (Mosling 1998), Som ein del av undersøkinga si, intervjuar Mosling forlagsmedarbeidarar om rettepraksisen i forlaga han hentar bokmaterialet sitt frå. Han slår fast at

etter å ha snakket med representanter for forlagene kan jeg nok med rette si at de ikke praktiserer noen forlagsnorm verken i den ene eller andre retningen, i hvert fall ikke i prinsippet. Deres overordnede krav til forfatterne er at de skal være konsekvente, og klarer de ikke det, får de legge seg på en norm som er midt imellom de to ytterpunktene riksmål og radikalt bokmål (Mosling 1998: 99)

Det verkar altså ut frå studien hans som om forlaga ikkje har noko medvite forhold til korleis rettskrivinga skal praktiserast, og at dei ikkje har utarbeidd faste retningslinjer på området.

Når det gjeld rettepraksisen til forlaga, skal ein hugsa på at den delen av sakprosa-produksjonen deira som er lærebøker til bruk i grunnskolen og den vidaregåande skolen, skal halda seg innanfor læreboknormalen. På dette punktet skulle det vore gjennomført ei større granskning, for å sjå om strategiane for tekstretting i ulike forlag er dei same strategiane som blir nytta andre stader det blir drive med systematisk tekstretting.

5. Oppsummering og konklusjonar

Ut frå det som er kartlagt om haldningane ulike brukargrupper har til normpluralismen (jf rapporten om dette), burde det vera klårt at også mange av dei som skal forvalta og vidareformidla rettskrivinga, ikkje har gode nok kunnskapar om norma. Dette kjem også fram i fleire av dei refererte undersøkingane på området (jf t.d. Djupedokken 1983, Wiggen 1987, Bull 1987 og Omdal 1999). Fordi mange lærarar er usikre på korleis det totale rettskrivingsbiletet ser ut, føretrekk dei å formidla ei trong norm vidare til elevane sine. Nokre lærarar etablerer private normer med utgangspunkt i eige språksyn, og desse vidareformidljar dei både gjennom klasseromspraksisen sin og gjennom rettinga av elevtekstar. Studiane av rettepraksisen i skolen fortel altså nokså eintydig at denne er med på å snevra inn moglegheitene elevane har til å bli kjende med større delar av rettskrivinga.

Når det gjeld avisene, viser mange av redaktørane til at dei opnar for former som speglar den lokale dialekten. Samstundes insisterer dei fleste av dei på å halda på læreboknormalen som hovudmal for tekstproduksjonen. Dette kan verka som ein litt underleg strategi. Systemet med sideformer er nettopp med på å gje språkbrukargruppene høve til å velja former som ligg nærast mogleg talemålet, men dette vel altså dei aller fleste avisene ikkje å nytta. Interessant er rapporteringa *Jærbladet* gjer om at dei på ein del punkt opplever norma som for snever, og at dei difor let journalistane ta i bruk former som er utanfor rettskrivinga, men som ligg nært opp til lokale talemålsformer.

Den endelege konklusjonen må vel vera at rettingane som blir utførte på ulike nivå, for ein stor grad speglar den faktiske kunnskapen dei ulike brukargruppene har om normpluralismen. Når studiane av faktisk tekstproduksjon blir halde saman med opplysningane om normbruk eg har fått inn frå avisredaktørar og deskskjefar rundt om, viser det seg tydeleg at rettepraksisen

ikkje kan stå heilt i forhold til dei private rettskrivingane avisene har etablert. På same måten viser undersøkinga av elevtekstar med lærarrettingar at også lærarane rettar annleis enn dei sjølv trur. Dette viser m.a. resultatata til Djupedokken 1983, og dei er også med på å stadfesta at mange lærarar kjenner dårlegare til normpluralismen enn dei sjølv trur.

Bokliste

- Berg, Celia. M. 1999. "La oss skrive slik det er naturlig og behagelig." *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. Upublisert hovudoppgåve, UiB.
- Byberg, Jan. 1995. Den smale veg. I *Korleis bør nynorsken sjå ut?* Red. Jan O. Fretland & Lars S. Vikør, 37–41. Oslo: Noregs mållag.
- Bull, Tove. 1987. Er valfridom og slingringsmonn i rettskrivinga ein pedagogisk føremonn? I *Fornyng og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*, red. Leif Mæhle et al., 39–49. Oslo: Norsk språkråd/Cappelen.
- Djupedokken, Svein Erik. 1983. *Nynorsk som sidemål – stilretting og lærarholdningar ved to vidaregåande skular i Oslo*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Eksamenssekretariatet. 1998. *Vurderingsveiledning i norsk skriftlig*.
- Eksamenssekretariatet. 1999. *Veiledning i vurdering i norsk*.
- Holm, Anne Brit. 1999. *Stebarnet nynorsk. Om holdningar til nynorsk i Larviksskolen*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Jansson, Benthe Kolberg. 1998. *Fri til å velje? Ei undersøking av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærerutdanninga*. Hovudoppgåve, UiO.
- Kulbrandstad, Lars Anders. 1996. Språknormering og pedagogikk. Valgfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring. I *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved universitetet i Bergen*, red. Helge Omdal, 101–116. Kristiansand: Avdeling for humanistiske fag, HiA.
- Læringssenteret. *Sensorrettleiing i norsk 2001*.
- Mosling, Atle. 1998. *Språknormering i sakprosaen*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Omdal, Helge. 1999. Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk. i *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved universitetet i Bergen*, red. Helge Omdal, 181–195. Kristiansand: Avdeling for humanistiske fag, HiA
- . 2000. Språknormtrygghet eller språknormusikkerhet? Om norske språknormer som formidlingsproblem. *Norsklæreren* 2/2000: 37–43.
- Rustad, Marit Høiseth. 1992. *Kartlegging av rettepraksisen blant norsklærarar i den vidaregåande skolen*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Rødningen, Dagfinn. 1999. Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet. Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Skjåk og Vågå. I *Austlandsmål i endring*, red. T. Kleiva et al., s. 246–258. Oslo: Det Norske Samlaget.
- . 2000. Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen. *Maal og Minne*: 65–84.
- Schønning, Sissel. 1999. Valgfrihet i praksis? En kommentar. I *Norsklæreren* 3/99: 21
- Størdal, Kari Hyldmo. 1994. Er det risikabelt å bruke sideformer til eksamen i norsk? *Språklig samling*, 3–4/1994: 31.
- Vinde, Eva C.K. 2000. *Syv eller sju? – og mye mer. Språknormer og språkpraksis i norsk presse*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Wangensteen, Boye. 1998. Når normen blir for trang. Talemålsinnslag i norsk avisspråk. I *Festskrift til Dag Gundersen*, red. Ruth V. Fjeld & Boye Wangensteen, 182–197. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Wiggen, Geirr. 1987. Ei vurdering av grunnskolelærernes og lærerstudentenes norskfaglige kompetanse i høve til M87. I *Fornyng og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*, red. Leif Mæhle et al., 151–169. Oslo: Norsk språkråd/Cappelen.